

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Til Helse- og omsorgssjef i kommunen

Dykkar ref.: Vår ref.: Saksbehandlar: Dato:
2023/12822 - 112458/2023 Merete Eide Hernes 25.10.2023

Invitasjon og påmelding til samhandlingsseminar 12.12.23

Seksjon for samhandling ved prosjekt «Trygge overgangar ved inn- og utskrivning av pasientar» i Helse Bergen ønsker å invitere medarbeidarar i kommunane i vårt opptaksområde og sjukehuset til felles samhandlingsseminar **tyrsdag 12. desember 2023 kl. 09:30 – 15:00** i Bikuben kurs- og konferansesenter, Haukeland universitetssjukehus.

Mål

Målet med seminaret er at medarbeidarar i både spesialist- og kommunehelsetenesta skal få auka kunnskap om kvarandre sin arbeidskvardag, tenestetilbod, utfordringar og moglegheiter.

Målgruppe

Målgruppa for seminaret er først og fremst medarbeidarar frå somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling i spesialist- og kommunehelsetenesta som arbeidar pasientnært eller med sakshandsaming, og som samhandlar om pasientar i inn- og utskrivingsprosessen mellom sjukehus og kommune.

Program

Klokkeslett	Varigheit	Innhald
09:30 – 09:40	10 min	Introduksjon til dagen
09:40 – 09:45	5 min	Velkommen til Helse Bergen ved viseadministrerende direktør
09:45 – 10:15	30 min	Kvifor er samarbeid og samhandling viktig? Refleksjonar rundt samhandling frå eit kommunalt perspektiv og frå eit sjukehusperspektiv
10:15– 10:25	10 min	Pause
10:25 – 11:25	60 min	Bli kjent med sjukehuset Innlegg frå ulike avdelingar i sjukehuset; akuttmottak, medisinske og kirurgiske sengepostar, poliklinikk, døgnpast psykisk helsevern og rusmedisin og palliativ sengepost.
11:25 – 12:00	35 min	Lunsj
12:00 – 13:10	70 min	Bli kjent med kommunane Innlegg frå ulike tenester i ulike kommunar; sakshandsamingstenesta, heimebaserte tenester, sjukeheim, psykisk helsevern, fastlege, kvardagsrehabilitering, palliativt team og kreftkoordinator.
13:10 – 13:20	10 min	Pause
13:20 – 14:05	45 min	Gruppearbeid
14:10 – 14:45	35 min	Presentasjon av gruppearbeid
14:45 – 15:00	15 min	Oppsummering og takk for i dag

Programkomitéen har bestått av representantar frå ulike kommunar og Helse Bergen.

Deltaking er gratis, reiseutgifter må eventuelt dekkes av arbeidsstad. Det blir servert enkel lunsj. Plassane vil bli jamt fordelt mellom sjukehus og kommunar. Grunna avgrensa plass vil kvar kommune i utgangspunkt få 6 plassar på seminaret - unntaket er Bergen kommune som vil få 14. Det vil også være mogleg å sette medarbeidarar på venteliste – eventuelle ledige plassar vil bli fordelt når påmeldingsfristen er omme.

Påmelding

For kommunane ber vi om at påmelding skjer samla i vedlagt skjema og vert sendt på e-post til merete.eide.hernes@helse-bergen.no

Påmeldingsfrist: 27.11.2023

Vi håper så mange som mogleg har lyst og anledning til å delta på seminaret, bli betre kjent og lære meir om kvarandre!

For meir informasjon, ta gjerne kontakt med prosjektleiar Merete Eide Hernes på e-post eller telefon 92210253.

På vegne av Helse Bergen,

Beste helsing frå

Grete Lill Hjartnes
Samhandlingssjef
Helse Bergen

Merete Eide Hernes
Prosjektleiar/rådgjevar
Helse Bergen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

OSTERØY KOMMUNE
ULVIK HERAD
VAKSDAL KOMMUNE
KVAM HERAD
MASFJORDEN KOMMUNE
Bergen kommune
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
ASKØY KOMMUNE
VOSS HERAD
AUSTRHEIM KOMMUNE
FEDJE KOMMUNE
GULEN KOMMUNE
SAMNANGER KOMMUNE
MODALEN KOMMUNE
ALVER KOMMUNE
AUSTEVOLL KOMMUNE
EIDFJORD KOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE